

Retningslinjer for tildeling av frie midlar i kommunalt næringsfond, Bømlo kommune

1. Føremål

Kommunalt næringsfond skal nyttast til å styrke nyskaping, innovasjon og næringsutvikling i Bømlo kommune. Tilskotet skal legge til rette for auka aktivitet, sysselsetting og verdiskaping ut frå lokale utfordringar, behov og potensial.

2. Støtteformer

Det kan berre løyvast stønad i form av tilskot, dvs. ikkje lån.

Midlane kan ikkje nyttast til betaling av renter/avdrag og heller ikkje til teikning av aksjar eller lutar i private verksemdar.

Midlane kan ikkje nyttast som garantiar for lån til næringsverksemd (jf. kommunelova § 14-9).

3. Krav til søknaden og stønadsvilkår

Søknaden skal sendast på fastsett søknadsskjema på Kommunal- og moderiseringsdepartementets elektroniske forvaltningsportal, regionalforvaltning.no. Søknaden må innehalde:

- Verksemdas namn og organisasjonsnummer
- Kontaktperson
- Kva tilskotsbeløp det vert søkt om
- Budsjett med finansieringsplan der søkt tilskot er inkludert
- Innføring om tidlegare mottatt offentleg stønad
- Skildring av tiltaket og forventat resultat
- Organiseringa av tiltaket, under dette eventuelle samarbeidspartnarar og kva roller dei skal ha
- Forhold som søkjaren bør forstå er viktig for vurdering av søknaden.

Det kan gis tilskot til bedrifter og etablerarar.

Verksemda det vert søkt tilskot til skal vera registrert i kommunen.

For å få høve til tilskot må den totale kostnaden for prosjektet vera på minimum kr 50 000,-.

Det skal ikkje gis tilskot til tiltak som allereie er gjennomført, og berre ved særlege tilhøve kan det gis tilskot til tiltak som allereie er starta.

Det skal normalt ikkje gis tilskot til lett omsettelege investeringar, som til dømes bilar og datautstyr.

Det skal ikkje gis tilskot til drift.

Det er ikkje absolutte karantenerreglar for fondet, men det bør vera eit føremål å få flest mogleg nye etablerarar som søkjarar.

Bømlo kommune kan sette vilkår for tilskotet.

Ved tilsegn om tilskot må mottakar skriftleg akseptere tilbodet, samt eventuelle vilkår, innan tre månadar. Aksepten skal også gjelde dei føresetnadar og vilkår som vert gitt i retningslinjene for tildeling (dette dokument). Dersom aksept ikkje vert gitt innan fristen fell tilbodet om tilskot bort.

4. Størrelsen på tilskotet og forholdet til internasjonale avtalar på stønadsområdet

Samla tilskot skal som hovudregel ikkje overstige 50 prosent av den totale kostnaden (dvs. den godkjende kostnadsplanen for tiltaket). I særlege tilhøve kan næringsfondet delta med inntil 75% av finansieringa. Samla tilskot skal aldri overstige 75%.

EØS- regleverket gir overordna retningslinjer for tildelingar av offentleg stønad, m.a. at det maksimalt kan løyvast 200 000 EURO til ei verksemd over ein periode på tre år. Tilskot frå næringsfondet skal tildelast i samsvar med dette regelverket. Det er søkjar sitt ansvar å opplyse om eventuelle tidlegare motteken offentleg stønad. Verksemder som tek i mot stønad pliktar også å opplyse om stønad frå næringsfondet ved eventuelle ytterlegare søknadar på offentlege midlar innan utløpet av treårsperioden.

Dersom EFTA sitt overvakingsorgan ESA finn at stønaden er gitt i strid med regelverket om offentleg stønad i EØS-avtalen, kan ESA krevje at støtta vert tilbakebetalt.

Tilskot skal registrerast i regionalforvaltning.no.

Tilsegn om tilskot vil også kunne falle bort dersom planane som er grunnlaget for vedtaket om tilskot vert endra utan førehandssamtykke frå kommunen.

5. Retningslinjer for prioritering

Kommunalt næringsfond skal supplere, ikkje erstatte, andre offentlege støtteordningar for verksemder.

Det skal gjerast ei konkret heilskapsvurdering av søknaden. I vurderinga skal det leggast særleg vekt på:

- i kor stor grad tiltaket fremjar formålet med fondet.
- om tiltaket gjeld etablering av ny verksemd, og/eller inneheld stor grad av nyskaping i eksisterande verksemd
- om tiltaket gir betra sysselsetting
- om tiltaket har ein klar miljø- og klimaprofil
- om prosjektet har utløysande effekt
- kvaliteten på søknad/forretningsplan/anna dokumentasjon
- kor raskt tiltaket kan settast i gang

6. Kunngjering

Høve til å søkje stønad frå kommunalt næringsfond skal kunngjerast gjennom Kommunal- og moderiseringsdepartementets elektroniske forvaltningsportal, regionalforvaltning.no. I tillegg skal kunngjerings skje i Bømlo-Nytt og på kommunen sine heimesider. Kunngjeringa må opplyse om målgruppe, føremålet med ordninga, tildelingskriterium, kva opplysningar som trengst i søknaden og eventuell søknadsfrist.

7. Forvaltning

Søknadsfristen er 1. februar.

Utval for næring, innovasjon og kultur (NIIK) forvaltar fondet. Søknadsprosessen og søknad skal handsamast administrativt, og kommunedirektøren gir innstilling til NIIK med vurdering og tilråding.

Søknadar kan avisast administrativt dersom søknaden openbert ikkje fyller kriteria for fondet.

Kommunedirektøren kan gjere avtale med Atheno om sakshandsaming av utlysing og søknadsprosess. Kostnadar til dette vert ført som førstelinjetenester levert av Atheno. Næringsfondsmidlar går derfor uavkorta til næringslivet.

Eventuelle midlar som ikkje vert fordelt og eventuelle unytta midlar frå vedtekne tildelingar vert tilbakeført til næringsfondet.

8. Utbetaling og rapportering

Dersom Bømlo kommune ikkje har fått førespurnad om utbetaling innan eitt år etter tilsegnsdato, fell tilbodet bort. Bømlo kommune kan, etter skriftleg søknad, i særskilte tilfelle forlange utbetalingsfristen. Søknad om utsetting vert handsama administrativt.

50 % av tilskotet kan utbetalast som eit forskot når prosjektet er starta. Resterande vert utbetalt når slutt-rapport og attestert rekneskap ligg føre, seinast to år etter tilsegnsdato. Bømlo kommune kan, etter skriftleg søknad, i særskilte tilfelle forlange utbetalingsfristen for restbeløpet. Søknad om utsetting vert handsama administrativt.

Bømlo kommune har rett til å kontrollere at vilkåra for tilskot er oppfylt av tilskotmottakaren, samt evaluere prosjektet. Tilskotsmottakar pliktar å gje dei opplysningar og den dokumentasjon som er nødvendig for å gjennomføre kontroll og evaluering.

Dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for tilskotet kan kommunen avgjere at tilskotet skal avkortast og krevje tilskotet heilt eller delvis tilbakebetalt. Søkjaren har plikt til å varsle kommunen om slike tilhøve.

Tilskotsmottakar skal rapportere i samsvar med dei rapporteringskrav som vert gitt i forvaltningsportalen, regionalforvaltning.no. Tilskotmottakar skal sende inn rekneskap for prosjektet, satt opp etter same oppstilling som budsjettet.

Dersom kommunen etter tildelinga vert kjent med at ein søkjar/verksemda har handla i strid med norsk lov og dette er skjedd i regi av verksemda det er løyvd stønad til, kan kommunen krevje at pengane vert betalt heilt eller delvis attende. Kommunen skal heller ikkje betale ut midlar dersom søkjar er under etterforskning av politiet.